KOPI

Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 21/4542 - 21/44269 | Irene Wilhelmsen<br>irene.wilhelmsen@alver.kommune.no | 23.06.2021 |

# Tillatelse til utvida bruk av eksisterende avkjørsel - KV 1179 - gbnr 121/1 Knarvik nord

**Tiltak:**
**Byggjestad:** Gbnr:
**Tiltakshavar:**
**Ansvarleg søkjar:**

Saka gjeldt søknad om tillatelse for *utvida bruk av eksisterande avkjørsel* til kommunal veg for gbnr 121/1. datert 11.05.2021.

**Saksutgreiing:**
Informasjon om saka:
Det er søkt om ny avkøyrsle i samband med frådeling av tomt på gbnr 121/1.

Vurdering/drøfting:
Det er søkt om ny avkøyrsle til kommunal veg. Ut frå søknad og vedlagt situasjonsplan er den nye avkøyrsla planlagt mot privat veg med eksisterande avkøyrsle mot den kommunale vegen, Knarvikgarden, KV1179 S1D1.
Søknaden vert difor handsama som løyve til utvida bruk av avkøyrsle mot kommunal veg.
Den tomta ligg tett på kommunal veg, så den nye avkøyrsla mot den private vegen må trekkast så langt som mogleg mot den nye eigedomsgrensa i parselllen, ca. 15m frå avkøyrsle mot kommunal veg.
Dei fyrste 2 vilkåra i løyvet er sett for den eksisterande avkøyrsla mot den kommunale vegen.
Det anbefalast at ny avkøyrsle til tomta mot privat veg, føl regelverket i veglova.

Samandrag/konklusjon:
Det kan bli gitt løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på vilkår sett i løyvet.

**Vedtak:**

Alver kommune gjev *løyve til* søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

- Ny avkøyrsle mot privat veg må leggjast rundt 15m frå midt kommunal veg.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkøyrsle er å finne på kommunen si heimeside: www.alver.kommune.no
Vedtaket gjeld avkøyringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

**Bortfall av løyve**
Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Irene Wilhelmsen |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Plan og byggesak | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |

KOPI

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Morten Knarvik | Kyrkjebrekka 2 B | 5955 | LINDÅS |

KOPI